



Det er berre fire konfirmantar i år, men festen for dei fylte bedehuset. (Foto: Tormod Myklebust)

Konfirmantfesten samla fullt bedehus i Uskedalen. Formann i Uskedal Indremisjon John Harald Kjærland kunne ynskja ein stor festlyd velkomen. Dette året er det eit rekordlite konfirmantkull i bygda, berre fire, Likevel var det meir enn oppfylt rundt festdekkka småbord, nydeleg pynta med årets kvitveis!

Konfirmantane stilte med foreldre, besteforeldre, og slekt i massevis. Det var imponerande. Også bygdefolk elles møtte opp.



Konfirmantprest Jon Victor Selle ved pianoet. (Foto: Tormod Myklebust)

Margot Haugland las dikt og Jan Ove Fagerheim heldt festtalen. Han starta med litt trylling frå talarstolen! Poenget var å visa at vi ikkje kan sjå alt som finst.

- Vi kan ikkje sjå Jesus, men Han finst! Dersom vi trur på det vi ikkje kan "sjå", vil vi erfara at Han finst. Og Han vil leia oss gjennom livet!

Det var frisk allsong med vekselvis Fagerheim og Jon Victor Selle ved pianoet. Ein viktig programpost på

konfirmantfestar er matøkta. Dørane til Vetlesalen vart opna og her kunne vi finna taco og gode kaker.


Konfirmantprest Selle tala engasjert om alle moderne ting vi omgir oss med. Likevel viser ei undersøkjing mellom ungdomsskoleelevar at det som opptek dei unge er vener, familie og Gudstrua. Han oppfordra konfirmantane og andre til å fylgja Han, som seier; Eg er vegen, sanninga og Livet!

Seinare fekk Oddbjørg Heimark merksemda. Ho hadde konkurransar og leik. Foreldre og besteforeldre måtte frampå til stor begeistring. Det var ei skikkeleg triveleg stund der latteren satt laust mellom veggene.

Kjærland runda det heile av og takka for fram møtet.

Eit godt teikn er det når folk ikkje skundar på heim, men gjev seg tid til ein drøs. Denne gongen vandra dei ut i ein fin, månelys vårveld!

Av Tormod Myklebust



Latteren satt laust då Oddbjørg Heimark hadde konkurransar og leikar. (Foto: Tormod Myklebust)